



# Vedtekter Voss Swingklubb

## Historikk

Voss Swingklubb er eit lag som vart starta i 1992, då som ei gruppe i Voss Bygdeungdomslag. Vinteren 2001-2002 skilde me oss ut frå Voss BU. Ny oppstart som eige lag med eige styre og eigne vedtekter frå sommaren 2002.

## §1. Føremålsparagraf

Klubben har som mål å halda liv i den folkelege swingdansen. Dette gjer klubben ved å arrangera faste dansekeldar der alle har tilgjenge, driva rekrutteringsarbeid, halda grunnkurs/repetisjonskurs og vidaregåande kurs i swing. Dersom medlemmene ynskjer det kan klubben også arrangera kurs i annan dans.

## §2. Klubben sine organ

Øvste organet i klubben er årsmøtet. På årsmøtet har alle medlemmane røysterett. Årsmøtet skal haldast i mai-juni. Til årsmøtet skal det vera skriftleg innkalling som skal sendast seinast 2 veker i førevegen. Innkomne saker må vera styret i hende seinast 1 veke i førevegen.

Årsmøtet si oppgåve er:

- val av styre, ettersynsfolk og valnemd
- godkjenning av årsmelding og rekneskap
- fastsettjing av medlemskontingent (det skal vera studentrabatt)

Medlemmane går gratis på dansekeldane. Omframt årsmøte vert halde når 1/3 av medlemmane krev det. Lovendring kan gjerast av årsmøtet med 2/3 fleirtal.

Styret:

Styret er ansvarleg for klubbaktiviteten mellom årsmøta. Det er utarbeidd ein rettleiande plan for arbeidsdelinga i styret. Styret er samansett slik: leiar, skrivar, økonomiansvarleg, praktisk tilretteleggjar, 1 varafolk, 1 ettersynsmann, 2 i valnemnd. Alle tillitsvalde vert valde for 2 år om gongen.

## §3. Økonomi

Rekneskapsåret fylgjer skuleåret. Ved eventuell nedlegging av aktiviteten i laget skal konto sperrast.

## §4. Nedlegging av klubben

Klubbaktiviteten vert nedlagd dersom årsmøtet vedtek det med 2/3 fleirtal. Då skal bankkontoar sperrast inntil eit nytt årsmøte vel eit nytt styre. I mellomtida skal sist fungerande leiar og økonomiansvarleg få tilsendt bankutskrifter.

Etter 15 år skal pengane brukast til å arrangera kurs i swing.

## §5. Oppstartning av klubben

Innan 15 år etter nedlegging er det nok at ei eldsjel kallar inn til eit møte som vel eit styre som fungerer fyrste året. Siste fungerande leiar og økonomiansvarleg i samråd med ettersynsmann (= 3 personar) har i lag fullmakt til å oppheva bankkontosperringa.